

# Første professor i bygdeutvikling

Det var aldri målet, men via omvegar har Dag Jørund Lønning nådd toppen med sitt forskingsarbeid på bygda.

JORUNN ERGA STEINSLAND | tekst og foto  
jes@jbl.no

**UTDANNING:** Onsdag ettermiddag vart Dag Jørund Lønning utnemnt til professor i bygdeutvikling. Det er første gong denne tittelen blir brukt i Norge.

Det var ein stolt og glad nyutnemnt professor som tok i mot pressa onsdag ettermiddag, kort tid etter at utnemninga.

– Korleis er det å vera professor?

– Det er litt rart, men eg er utruleg stolt og glad, seier Lønning.

Den kjensla deler han med styreleiar Hadle Nevøy i Høgskulen for landbruk og bygdenæring, der Lønning er rektor.

– Me er veldig stolte av å ha Dag Jørund Lønning som rektor. Me treng hans kapasitet og kompetanse i å utvikla skulen, men òg for å gå i bresjen for dei utfordringane og problemstillingane som finst i det å utvikla Rogaland og Jæren, som i dag er under for midabelt press, seier Nevøy og legg til at han har blitt endå meir styrka i trua av at Lønning er rett mann på rett plass for høgskulen på Jæren.

## Vil skriva slik folk forstår

Dag Jørund Lønning sjølv har aldri hatt det som noko mål å bli professor.

– Akademia har blitt meir og meir strømlinjeførmå. For mange gjeld det å publisera i dei rette kanalane. For det eg driv med blir det feil. Eg vil skriva noko som folk forstår og opplever som viktig, seier Lønning, som også har teke eit bevisst språkval. Alt han skriv er på nynorsk.

Lønning har gått sine egne vegar i forskinga si og føler arbeidsplassen hans nå har teke eigarskap for fagfeltet bygdeutvikling



PROFESSOR: Dag Jørund Lønning (t.v.) vart onsdag utnemnt til professor i ny-

skaping og bygdeutvikling av styret ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling, her ved styreleiar Hadle Nevøy.

i Norge. Ei bachelorgrad i feltet er allerede på plass. Neste steg er mastergrad.

– Me koplar akademisk kompetanse med lokalkunnskap. At fagfeltet nå blir skikkeleg anerkjent med professortittelen gjer dette til ein stor dag, seier Lønning.

Likevel er han mindre opptatt av akademiske utmerkingar og meir oppteken av kva som er motoren i gode lokalsamfunn.

– Til sjuande og sist handlar dette om menneske, seier Lønning og viser til at mange bygdesamfunn i utkanten av Bergen er i forvriting.

– Det har ikkje skjedd på Jæren. Her er det mange sterke lokalsamfunn med sterke bygdelag og menneske med sterk involvering i bygda si, seier Lønning.

## – Bryne er ei bygd

– Kva er eigentleg ei bygd?

– Det er eit vanskeleg spørsmål og har mykje med haldningar å gjera. Til dømes har me hatt ei undersøking der 70 prosent svarer at Bryne er ei bygd, medan bare 2-3 prosent oppfattar staden som by, seier Lønning.

Han er oppteken av at ein skal finna løysingar i saman og at innbyggjarane sjølv må få eit eigeskap til utviklinga av bygdene.

– Kva med bygder som ikkje får utbygging grunna det sterke jordvernet?

– Det er ein viktig diskusjon som er nødvendig å ta, men har ingen absolutte svar. Eg trur det er viktig å vera i forkant av problema, seier Lønning og legg til at ei turbouthygging av eit område også kan føre til ei framandgje-

# Første professor i bygdeutvikling



skaping og bygdeutvikling av styret ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling, her ved styreleiar Hadle Nevøy.

ring og at folk ikkje føler eigarskap til heimstaden sin.

– Bygdeutviklingsomgrepet må inn tidleg. Eg trur på å kopla aktørane saman på eit tidleg tidspunkt, både utbyggjarar, dei som skal bu der, kommunen og organisasjonar. Målet er alt for ofte klart på førehand. Det må vera opent for å leika med ressursane, meiner Lønning og legg til at bygdeutvikling i stor grad handlar om mobilisering.

– Me ser fleire stader at sentrum blir tømt til fordel for kjøpesenter, som til dømes på Bryne med M44. Me ser også at dette engasjerer mange, men det handlar ikkje om kvar enkelt. I staden seier folk at kommunen og næringslivet må gjera noko. Ei endring skjer

oftast nedanfrå og opp, ikkje ovanfrå og ned. Det er utruleg viktig, meiner professoren i bygdeutvikling, som har utvikla sin eigen metode på god bygdeutvikling.

– Metoden byggjer på at du må så før du haustar. Med stor aktivitet på frøsida, vil det vera mykje å hausta. Med det meiner eg at mange gode og viktige idear ofte forsvinn fordi det ikkje er ein plan for inntening i løpet av få år, meiner Lønning.

– Kva med kommunesamanslåing og bygdene. Kva tenkjer du rundt det?

– Viss det er sterke identitetsforhold til bygda, kan det bli problematisk. På Jæren opplever eg meir at det er ein jærsk identitet enn at det er knytt til kommunane.

## – Meiningsfullt

Dag Jørund Lønning er oppvaksen på Stord. I 2010 vart han rektor ved Høgskulen for landbruk og bygdenæring på Jæren og flytta til Bogsdalen i Hå.

Lønning er utdanna sosialantropolog frå Universitetet i Bergen. Han har også ein doktorgrad i prosessfilosofi (endringslære). Doktorgradsavhandlinga hans handla om nyskaping i norske bygdesamfunn. Heile yrkeskarrieren har Lønning på ein eller annan måte jobba med bygdespørsmål. Det vil han også halda fram med.

– Å arbeida med noko folk opplever som nyttig, opplever eg sjølv som veldig meningsfullt, seier den ferske professoren.